

Forskrift om skule- og feriedagar for elevane 2025-26

Den nye opplæringslova krevje at kommunen skal ha forskrift om skuleruta.

Etter den nye lova § 14 -1, 2. ledd, blir det stilt krav om at kommunen gir forskrift om skule- og feriedagar for elevane (skulerute).

I tråd med den nye lova har kommunedirektøren utarbeida eit forslag til ny forskrift som skal gjelde for Hjelmelandsskulen. Forslaget til ny forskrift er i stor grad ei vidareføring av tidlegare praksis.

Forskrifta har vore på høyring på skulane - elevar, tilsette og FAU/Samarbeidsutvalet ved kvar skule har fått kome med sine innspel til skuleruta. Sjølv om lovverket ikkje regulerer barnehagane direkte, har dei ulike organa i Hjelmelandsbarnehagane òg fått kome med innspel. Målet er å ha ei felles barnehage- og skulerute.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2025-2026.

Elevane har rett og plikt til å møte på skulen dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevane ved alle grunnskulane i Hjelmeland kommune, skuleåret 2025-2026. Grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova kapittel 18 er ikkje omfatta.

§ 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova § 14-1, 1.ledd, at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innafor ei ramme på 45 samanhengande veker.

Datoar for oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie er felles for alle skulane.

§ 3 Tabell for skuleruta

Månad:	Dato:	Merknad:
August	11. 12. 13.	Plandagar for barnehage, skule og SFO
August	14.	Oppstart av nytt barnehage- og skuleår
Oktober	Veke 41	Hautferie for skulane

	(6.-10.)	Barnehage og SFO har opent
November	14.	Plandag for tilsette i skulane Fridag for elevane
Desember	19.	Siste skuledag før juleferien
2026		
Januar	2.	Plandag for barnehage, skule og SFO
Januar	5.	Første skuledag for elevane etter jul
Februar	Veke 9 (23.-27.)	Vinterferie for skulane
Mars/april	30.3-6.4	Påskeferie for skulane
April	2.-6.4	Påskeferie for barnehage og SFO
Mai	1.	Offentleg fridag
Mai	14.	Kristi Himmelfartsdag
Mai	15.	Plandag for barnehage, skule og SFO
Mai	25.	2.Pinsedag
Juni	18.	Siste skuledag før sommarferien
Juli	Veke 28-29-30-31 (6.-31)	SFO er stengd

- 190 skuledagar for elevane
- 6 plandagar skule
- 5 plandagar barnehage og SFO